

MOVA Osterøytreen

Osterøy Stadion

mandag 7. september 2026



18.10 Barneløp 600m 18.40 Heat 1 3000m

19.05 Heat 2 3000m 19.30 Heat 3 3000m



PÅMELDING: <https://forms.gle/FiC4PAM1teY5vZzJA>

I samarbeid med MOVA Osterøy inviterer Osterøy IL friidrettsgruppa **ALLE** til å testa seg på den klassiske distansen 3000 meter mandag 7. september. Dette er eit **LÅGTERSKELTILBOD** for alle uansett nivå.

Samstundes er det også eit tilbod til konkurranseløparar der alle får elektronisk tidtaking og godkjent resultat.

Det blir sjølvsagt også **BARNELØP** med start klokka 18. Distansen er 600m. Premie til alle deltakarane! Påmelding i klubbhuset.

MOVA på plass med oppvarming før start!

Treningssenteret MOVA Osterøy er tittelsponsor og stiller med premiar både til barneløp og uttrekkspremiar på 3000m. Dei står elles for oppvarming, har infostand og skapar generell god stemning!

Kvart heat er nivådelt med rundt 15-20 deltakarar. Det er difor viktig å oppgje tida du ønskjer å springa på i påmeldinga. Då får du springa med dei som er jamgode. Arrangøren set opp 2-4 fartshaldarar i kvart heat som kan hjelpa deg med å halda jamn fart og nå målet ditt.

Startkontingenten er 50 kroner **Vipps Osterøy friidrett 121337**, både for 3000m og barneløp.

Påmeldingsfristen for 3000m er søndag 6. september, men er det plass i feltet slepp me til etterløparar.

Påmelding til barneløpet er i klubbhuset før start. Nøyaktig tidsskjema og heatfordeling blir offentleggjort tidleg på løpsdagen, men me byrjar med barneløpet klokka 18. Det beste 3000m-heatet går til slutt, truleg rundt klokka 19.30.

Det blir sjølvsagt kiosk, mykje heing og god stemning under arrangementet. Spørsmål om løpet kan du senda til bjartevik30@hotmail.com eller telefon 45602908. Følg denne hendinga på Facebook for fleire nyheiter fram mot 7. september



MOVA

VEVLE
MEK. VERKSTAD AS

CRAFT

SOLBERG
MEK. VERKSTED

BERGAN
BYGG

sport 1
ekte sport.

LOBAS®

bravida

VEVLE
MEK. VERKSTAD AS

Mjelstad og Stokke
RØRLEGGERFORRETNING

LERØY

BERGAN
BYGG

XL
BYGG

MURMESTERFORRETNING
DRANGE
AS

HAUGLAND AUTOMOBIL
WWW.HAUGLANDAUTOMOBIL.NO
SUPER DAEK BilXtra
verksted